




I kø for reflekstevling i bedehuset

**Eg er tøff med refleks. Det er mottoet for dei i Uskedalen som no engasjerer seg i refleksveka til Hobbyklubben. Veka starta i kveld i Bedehuset og ein kan trygt kalle det ein knallstart ettersom det møtte bortimot 30 entusiastiske ungdommar.**

**Leiar og initiativtakar**

**Tore Mathiesen var da også svært fornøgd. Veka kunne ikkje vore meir aktuell, for det var eit skikkeleg grisever med null sikt.**

**Men inne var det lunt og triveleg og mye viktig vart sagt.**



[Inger Elise Helgeland i ei av tevlingane](#)

Ikkje minst viktig var det at ein duo frå politiet kom og streka under kor viktig det er å bruka refleks, som reddar liv. Dei roste forresten dei unge i bygda vår fordi dei er flinke til å bruka hjelm. Som i tidlegare år vart refleksvestar og ymse slags refleks delt ut og reflekstevlingar arrangert.



Også politiet kom til opninga

Onsdag held veka fram med utdeling av refleks på skulen og i begge barnehagane av Hobbyklubbens medlemmer, Dei vil også ta eit tak for den gode sak fredag og laurdag utanfor SPAR.

Men det er også viktig at Hobbyklubb-medlemmene følger opp og går med refleksvest slik at dei viser veg for andre. Og beløninga dera kjem til våren då det skal summerast opp kven som har vore flinkast til å nytta vest til klubbkveldane.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen og Tore Mathiesen